



## MØTEPROTOKOLL

### FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 09.03.2021  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 12:00 - 17:25

Fast orientering frå ordførar og rådmann

#### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Trond Olav Magnussen	H	Varamedlem

---

#### Andre møtande:

Kommunedirektør Atle Fasteland,  
Assisterande rådmann Åse Elin Myking  
Kommunalsjef samfunnsutvikling Helge Berset,  
Landbruksrådgjevar Tore Henrik Øye  
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

Trond Olav Magnussen møtte som vara for Amalie Johnsen Lunde i sak 16/2021, samt for Boris Groth i sak 26/2021

---

## Saksliste

SAKSNR      TITTEL



## Vaksdal kommune

- 13/2021      GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**
- 14/2021      GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLAR**
- 15/2021      REFERATSAKER OG MELDINGAR**
- 17/2021      OPPHEVING AV "FORSKRIFT OM SPREIING AV HUSDYRGJØDSEL, VAKSDAL, HORDALAND (FOR-2015-06-22-781), OG ETABLERING AV NY FORSKRIFT**
- 22/2021      FRAMLEGG TIL NY STRATEGI OM BU- OG DRIVEPLIKT I VAKSDAL KOMMUNE**
- 23/2021      FRAMLEGG TIL KOMMUNALE RETNINGSLINER FOR TILDELING AV TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDE I VAKSDAL KOMMUNE 2021 - 2025**
- 18/2021      INVESTERINGSMIDLAR TIL PROSJEKT PÅ STAMNES**
- 19/2021      FAGLEG SAMARBEID OM KONTAKTSENTER**
- 20/2021      BUSSTERMINAL DALE - OPPSTART AV ENDRING AV REGULERINGSPLAN**
- 21/2021      VURDERING AV EIGEDOM GBNR 17/12 SVENA, VAKSDAL, EIGAR NILS JAMNE**
- 16/2021      DRØFTINGSSAK - LEIGEFORHOLD OG FESTE AV BÅTPASS OG NAUSTTOMT PÅ KOMMUNAL GRUNN, VAKSDAL OG STANGHELLE**
- 24/2021      FLAGGREGLEMENT I VAKSDAL KOMMUNE**
- 25/2021      VURDERING AV BARNEHAGE PÅ BERGO**
- 26/2021      OVERDRAGING AV BERGSDALEN SKULE TIL BERGSDALEN BYGDELAG - ORIENTERINGSSAK**



**13/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

**Behandling:**

Samrøystes godkjend.

**FPØ - sak 13/2021 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**14/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

**Behandling:**

Samrøystes godkjend.

**FPØ - sak 14/2021 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**15/2021: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tekne til orientering.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

**Behandling:**



Samrøystes godkjend.

**FPØ - sak 15/2021 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

---

**17/2021: OPPHEVING AV "FORSKRIFT OM SPREIING AV HUSDYRGJØDSEL, VAKSDAL, HORDALAND (FOR-2015-06-22-781), OG ETABLERING AV NY FORSKRIFT**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet vedtek med dette oppheving av «Forskrift om spreiiing av husdyrgjødsel, Vaksdal kommune, Hordaland; FOR-2015-06-22-781 (lokal forskrift) av omsyn til vasskvalitet og miljøforhold i vassdrag, med verknad frå 31.12.21. Opphevinga vert gjort med heimel i «Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav» § 23 tredje ledd.

Formannskapet vedtek å opprette ny lokal forskrift om spreiiing av husdyrgjødsel frå 01.01.22, med høve til utsett frist for spreiiing på godkjende spreieareal utan nedmolding. Innføringa vert gjort i medhald av «Forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav» § 23 andre ledd.

Formannskapet legg framlegg til ny, lokal forskrift ut på offentleg høyring, slik den ligg føre frå Rådmannen. Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og faglag i landbruket i Vaksdal kommune er høyringspartar. Høyringsfristen vert sett til tre veker.

Endeleg vedtak om oppheving av gjeldande forskrift og innføring av ny forskrift, skal fattast av kommunestyret etter gjennomført høyring. Rådmannen førebur saka for politisk handsaming.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

**Behandling:**

Formannskapet drøfta saka.

Landbruksrådgjevar Tore Henrik Øye svarte på spørsmål.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 17/2021 Vedtak/Tilråding:**

Formannskapet vedtek med dette oppheving av «Forskrift om spreiiing av husdyrgjødsel, Vaksdal kommune, Hordaland; FOR-2015-06-22-781 (lokal forskrift) av omsyn til vasskvalitet og miljøforhold i vassdrag, med verknad frå 31.12.21. Opphevinga vert gjort med heimel i «Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav» § 23 tredje ledd.

Formannskapet vedtek å opprette ny lokal forskrift om spreiiing av husdyrgjødsel frå 01.01.22, med høve til utsett frist for spreiiing på godkjende spreieareal utan nedmolding. Innføringa vert gjort i medhald av «Forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav» § 23 andre ledd.

Formannskapet legg framlegg til ny, lokal forskrift ut på offentleg høyring, slik den ligg føre frå



Rådmannen. Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og faglag i landbruket i Vaksdal kommune er høyringspartar. Høyringsfristen vert sett til tre veker.

Endeleg vedtak om oppheving av gjeldande forskrift og innføring av ny forskrift, skal fattast av kommunestyret etter gjennomført høyring. Rådmannen førebur saka for politisk handsaming.

---

### **22/2021: FRAMLEGG TIL NY STRATEGI OM BU- OG DRIVEPLIKT I VAKSDAL KOMMUNE**

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

«Strategi for praktisering av skjønn i saker som gjeld bu- og driveplikt i Vaksdal kommune», vert vedteken slik den ligg føre frå rådmannen, jf. vedlegg.

Strategien skal liggje til grunn ved handsaming av saker som gjeld bu- og driveplikt på landbrukseigedomar i Vaksdal kommune.

Strategien får verknad frå vedtaksdato, og gjeld inntil vidare.

Det kan søkjast om utsetjing av buplikt inntil 5 år dersom bustadhus og/eller driftsbygning treng opprusting for at ein skal kunna bu der. Vurdering av om ei opning for utsetjing av buplikt i 3 til 5 år kjem attende til handsaming etter vurdering av administrasjonen.

#### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

##### **Behandling:**

Formannskapet drøfta saka.

Landbruksrådgjevar Tore Henrik Øye svarte på spørsmål.

##### **Erlend Hesjedal-Johannessen, Høgre la fram følgjande tilleggsforslag:**

Det kan søkjast om utsetjing av buplikt inntil 5 år dersom bustadhus og/eller driftsbygning treng opprusting for at ein skal kunna bu der. Vurdering av om ei opning for utsetjing av buplikt i 3 til 5 år kjem attende til handsaming etter vurdering av administrasjonen.

Erlend Hesjedal-Johannessen, H trakk seinare tilbake tilleggsforslaget.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FPØ - sak 22/2021 Vedtak/Tilråding:**

##### **Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

«Strategi for praktisering av skjønn i saker som gjeld bu- og driveplikt i Vaksdal kommune», vert vedteken slik den ligg føre frå rådmannen, jf. vedlegg.

Strategien skal liggje til grunn ved handsaming av saker som gjeld bu- og driveplikt på landbrukseigedomar i Vaksdal kommune.



Strategien får verknad frå vedtaksdato, og gjeld inntil vidare.

---

**23/2021: FRAMLEGG TIL KOMMUNALE RETNINGSLINER FOR TILDELING AV TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDE I VAKSDAL KOMMUNE 2021 - 2025**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek framlegg til kommunale retningslinjer for løyving av tilskot til tiltak i beiteområde i Vaksdal kommune for 2021-2025, slik dei ligg føre frå Rådmannen.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

**Behandling:**

Formannskapet drøfta saka.

Landbruksrådgjevar Tore Henrik Øye svarte på spørsmål.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 23/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret vedtek framlegg til kommunale retningslinjer for løyving av tilskot til tiltak i beiteområde i Vaksdal kommune for 2021-2025, slik dei ligg føre frå Rådmannen.

---

**18/2021: INVESTERINGSMIDLAR TIL PROSJEKT PÅ STAMNES**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet løyver 700 000,- som midlar til omtala prosjekt i Stamnes sentrum. Dersom regelverk om offentleg støtte tillet kan denne summen aukast til 1 200 000,-. Pengane vert tatt frå tidlegare prosjekt Stamnes Sentrum (K40070) som har unytta midlar med same sum. Justering av investeringsbudsjettet vert gjort når vi ser kor mykje av midlane som vert nytta, og seinast i justeringssak i desember.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

**Behandling:**

Med bakgrunn i henvending til kommunen ba kommunedirektør Atle Fasteland om at saka vart utsett til neste formannskapsmøte.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.



**FPØ - sak 18/2021 Vedtak/Tilråding:**

Sak om investeringsmidlar til prosjekt på Stamnes vert utsett.

---

**19/2021: FAGLEG SAMARBEID OM KONTAKTSENTER**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune deltar vidare i prosjektarbeidet. Når pilotering i Gulen og Samnanger er fullført vert det lagt fram ny sak til behandling om kommunen si deltaking i felles kontaktsenter.

**Fellesforslag lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes,SV:**

1. Vaksdal kommune avsluttar prosjektarbeidet.
2. Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om å gjere kommunen sitt eige innbyggjarservice best mogleg. Ei slik sak vil mellom anna ha slike føringar:

- Innbyggjarservice skal ha eigne dedikerte medarbeidarar i heile stillingar.
- Kommunikasjon på alle plattformer bør ligge til innbyggjarservice.
- Kommunestyret ber om at kommunedirektøren vurderer andre arbeidsoppgåver til innbyggjarservice før saka kjem til endeleg handsaming.

**Forslag til vedtak frå Ap, lagt inn i møteportalen av Thor Andersen, Ap:**

Det er et mål å gi innbyggerne en god og rask service i 1. linje tjenesten i et kontaktsenter som blir drevet i egenregi med egne ansatte som har lokalkunnskap og får faglig påfyll i et lokalt faglig felleskap.

Vaksdal kommune går ut av prosjektet faglig samarbeid om kontaktsenter.

**Fellesforslag for SV,Sp,H og Ap, lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV:**

1. Vaksdal kommune avsluttar prosjektarbeidet.
2. Det er et mål å gi innbyggerne en god og rask service i 1. linje tjenesten i innbyggjarservice som blir drevet i egenregi med egne ansatte som har lokalkunnskap og får faglig påfyll i et lokalt faglig felleskap.
3. Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om å gjere kommunen sitt eige innbyggjarservice best mogleg. Ei slik sak vil mellom anna ha slike føringar:

- Innbyggjarservice skal ha eigne medarbeidarar i heile stillingar der hovudvekta av stillinga er knytt til innbyggjarservice.
- Kommunikasjon på alle plattformer bør ligge til innbyggjarservice.
- Kommunestyret ber om at kommunedirektøren vurderer andre arbeidsoppgåver til



innbyggjarservice før saka kjem til endeleg handsaming.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

**Behandling:**

På vegne av Arbeidarpartiet la Thor Andersen, Ap fram følgjande forslag til vedtak:

Det er et mål å gi innbyggerne en god og rask service i 1. linje tjenesten i et kontaktsenter som blir drevet i egenregi med egne ansatte som har lokalkunnskap og får faglig påfyll i et lokalt faglig felleskap.

Vaksdal kommune går ut av prosjektet faglig samarbeid om kontaktsenter.

På vegner av Sp, SV og Høgre la Erlend Hesjedal-Johannessen, H fram følgjande forslag til vedtak:

1. Vaksdal kommune avsluttar prosjektarbeidet.
2. Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om å gjere kommunen sitt eige innbyggjarservice best mogleg. Ei slik sak vil mellom anna ha slike føringar:

- Innbyggjarservice skal ha egne dedikerte medarbeidarar i heile stillingar.
- Kommunikasjon på alle plattformer bør ligge til innbyggjarservice.
- Kommunestyret ber om at kommunedirektøren vurderer andre arbeidsoppgåver til innbyggjarservice før saka kjem til endeleg handsaming.

Det vart utarbeida eit fellesforslag med bakgrunn i forslaga frå Ap og fellesforslag frå Sp,SV og H.  
Kjartan Haugsnes la fram følgjande fellesforslag frå formannskapet:

1. Vaksdal kommune avsluttar prosjektarbeidet.
2. Det er et mål å gi innbyggerne en god og rask service i 1. linje tjenesten i innbyggjarservice som blir drevet i egenregi med egne ansatte som har lokalkunnskap og får faglig påfyll i et lokalt faglig felleskap.
3. Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om å gjere kommunen sitt eige innbyggjarservice best mogleg. Ei slik sak vil mellom anna ha slike føringar:

- Innbyggjarservice skal ha egne medarbeidarar i heile stillingar der hovudvekta av stillinga er knytt til innbyggjarservice.
- Kommunikasjon på alle plattformer bør ligge til innbyggjarservice.
- Kommunestyret ber om at kommunedirektøren vurderer andre arbeidsoppgåver til innbyggjarservice før saka kjem til endeleg handsaming.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot fellesforslaget frå formannskapet.  
Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 19/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

1. Vaksdal kommune avsluttar prosjektarbeidet.





2. Det er et mål å gi innbyggerne en god og rask service i 1. linje tjenesten i innbyggjarservice som blir drevet i egenregi med egne ansatte som har lokalkunnskap og får faglig påfyll i et lokalt faglig felleskap.

3. Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om å gjere kommunen sitt eige innbyggjarservice best mogleg. Ei slik sak vil mellom anna ha slike føringar:

- Innbyggjarservice skal ha eigne medarbeidarar i heile stillingar der hovudvekta av stillinga er knytt til innbyggjarservice.
- Kommunikasjon på alle plattformer bør ligge til innbyggjarservice.
- Kommunestyret ber om at kommunedirektøren vurderer andre arbeidsoppgåver til innbyggjarservice før saka kjem til endeleg handsaming.

---

## **20/2021: BUSSTERMINAL DALE - OPPSTART AV ENDRING AV REGULERINGSPLAN**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Arbeid med reguleringsendring for Dale bussterminal vert starta opp. Berørte naboar, grunneigarar og aktuelle høyringsinstansar vert varsla.

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

#### **Behandling:**

Formannskapet drøfta saka.

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset svarte på spørsmål.

Formannskapet kom med innspel til reguleringsplanen som kommunedirektøren tek med seg i det vidare arbeidet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FPØ - sak 20/2021 Vedtak/Tilråding:**

Arbeid med reguleringsendring for Dale bussterminal vert starta opp. Berørte naboar, grunneigarar og aktuelle høyringsinstansar vert varsla.

---

## **21/2021: VURDERING AV EIGEDOM GBNR 17/12 SVENA, VAKSDAL, EIGAR NILS JAMNE**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**



Vaksdal kommune kjøper ikkje områda i Svena, gbnr 17/12 i Vaksdal.

## **Forslag til vedtak frå SP, SV, og Høgre, lagt inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde, Ap:**

1. Formannskapet innstiller til kommunestyret å kjøpe av tomt GBNR 17/12 i Vaksdal, med forbehold negative funn i Cowi-rapporten "Skredfarevurdering av 10.10.2010". Formannskapet ber om at rapporten blir lagt ved sak til kommunestyret, og at det blir vurdert ei synfaring av området før handsaming i kommunestyremøte 23.03.2021.
2. Fleire hus skal avhendast når ny veg og bane kjem. Me ynskjer å behalde våre innbyggjarar i kommunen. Formannskapet ber om å få ei oversikt over mogeleg areal til tomter som er tilgjengelege på Vaksdal. Vidare ber me administrasjonen komme tilbake til neste møte med ei vurdering av kor vidt me kan regulere nokre einebustadtomter på Stanghelle.

## **Tilleggsforslag frå Ap, lagt inn i møteportalen av Thor Andersen, Ap:**

Det blir gjort en ny skredfarevurdering av geolog.  
Kommunedirektøren går i dialog med grunneier om kostnader ved undersøkelsen.

## **Tekstendringforslag til Sp,SV og Høgre sitt framlegg til vedtak, lagt inn i møteportalen av Thor Andersen, AP:**

Endring av tekst punkt 1, linje 1  
Formannskapet innstiller til kommunestyret å vurdere å kjøpe tomt GBNR 17/12 i Vaksdal

## **Fellesforslag frå formannskapet, lagt inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde:**

1. Formannskapet innstiller til kommunestyret å vurdere kjøp av tomt GBNR 17/12 i Vaksdal, med forbehold negative funn i Cowi-rapporten "Skredfarevurdering av 10.10.2010". Formannskapet ber om at rapporten blir lagt ved sak til kommunestyret, og at det blir vurdert ei synfaring av området før handsaming i kommunestyremøte 23.03.2021.
2. Fleire hus skal avhendast når ny veg og bane kjem. Me ynskjer å behalde våre innbyggjarar i kommunen. Formannskapet ber om å få ei oversikt over mogeleg areal til tomter som er tilgjengelege på Vaksdal. Vidare ber me administrasjonen komme tilbake til neste møte med ei vurdering av kor vidt me kan regulere nokre einebustadtomter på Stanghelle.

## **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

### **Behandling:**

På vegner av Sp, Sv og Høgre la Kjartan Haugsnes fram følgjande forslag til vedtak:

1. Formannskapet innstiller til kommunestyret å kjøpe av tomt GBNR 17/12 i Vaksdal, med forbehold negative funn i Cowi-rapporten "Skredfarevurdering av 10.10.2010". Formannskapet ber om at rapporten blir lagt ved sak til kommunestyret, og at det blir



## Vaksdal kommune

vurdert ei synfaring av området før handsaming i kommunestyremøte 23.03.2021.

2. Fleire hus skal avhendast når ny veg og bane kjem. Me ynskjer å behalde våre innbyggjarar i kommunen. Formannskapet ber om å få ei oversikt over mogeleg areal til tomter som er tilgjengelege på Vaksdal. Vidare ber me administrasjonen komme tilbake til neste møte med ei vurdering av kor vidt me kan regulere nokre einebustadtomter på Stanghelle.

For Arbeidarpartiet la Thor Andersen, Ap fram følgjande tilleggsforslag:

Det blir gjort en ny skredfarevurdering av geolog.

Kommunedirektøren går i dialog med grunneier om kostnader ved undersøkelsen.

Formannskapet drøfta saka.

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset svarte på spørsmål.

Arbeidarpartiet ba om gruppemøte.

Arbeidarpartiet trekk sitt tilleggsforslag.

Thor Andersen, Ap, la fram eit tekstendringsforslag til SV,Sp og Høgre sitt framlegg til vedtak:

Endring av tekst punkt 1, linje 1

Formannskapet innstiller til kommunestyret å vurdere å kjøpe tomt GBNR 17/12 i Vaksdal

Amalie Johnsen Lunde, H la fram eit fellesforslag frå partia i formannskapet:

1. Formannskapet innstiller til kommunestyret å vurdere kjøp av tomt GBNR 17/12 i Vaksdal, med forbehold negative funn i Cowi-rapporten "Skredfarevurdering av 10.10.2010". Formannskapet ber om at rapporten blir lagt ved sak til kommunestyret, og at det blir vurdert ei synfaring av området før handsaming i kommunestyremøte 23.03.2021.
2. Fleire hus skal avhendast når ny veg og bane kjem. Me ynskjer å behalde våre innbyggjarar i kommunen. Formannskapet ber om å få ei oversikt over mogeleg areal til tomter som er tilgjengelege på Vaksdal. Vidare ber me administrasjonen komme tilbake til neste møte med ei vurdering av kor vidt me kan regulere nokre einebustadtomter på Stanghelle.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp fellesforslaget. Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 21/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

1. Formannskapet innstiller til kommunestyret å vurdere kjøp av tomt GBNR 17/12 i Vaksdal, med forbehold negative funn i Cowi-rapporten "Skredfarevurdering av 10.10.2010". Formannskapet ber om at rapporten blir lagt ved sak til kommunestyret, og at det blir vurdert



ei synfaring av området før handsaming i kommunestyremøte 23.03.2021.

2. Fleire hus skal avhendast når ny veg og bane kjem. Me ynskjer å behalde våre innbyggjarar i kommunen. Formannskapet ber om å få ei oversikt over mogeleg areal til tomter som er tilgjengelege på Vaksdal. Vidare ber me administrasjonen komme tilbake til neste møte med ei vurdering av kor vidt me kan regulere nokre einebustadtomter på Stanghelle.

---

### **16/2021: DRØFTINGSSAK - LEIGEFORHOLD OG FESTE AV BÅTPASS OG NAUSTTOMT PÅ KOMMUNAL GRUNN, VAKSDAL OG STANGHELLE**

#### **Fellesforslag til vedtak, lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV:**

1. Formannskapet ber om at det vert sett i gang sak med sikte på at kommunen ikkje skal eige nausttomtene som omtala i saka.
2. Vaksdal kommune inviterer festarar til informasjonsmøte slik at innhaldet i dei juridiske vurderingane frå Sands og kommunen sitt utgangspunkt vert kjent for alle som vert råka.

#### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

##### **Behandling:**

Amalie Johnsen Lunde, H stilte spørsmål ved sin habilitet i saka. Formannskapet vedtok samrøystes at Amalie Johnsen Lunde er ugild i medhald av fv.l. § 6 b). Ugild når vedkomande er i slekt eller svogerskap med part i saka.

Kjartan Haugsnes, SV stilte spørsmål ved sin habilitet i saka i samband med at han var ein av dei som kjøpte ut ein festa tomt på Sildastadskjæret i 2015. Formannskapet vedtok samrøystes at Kjartan Haugsnes ikkje er ugild.

Trond Olav Magnussen, H deltok som vara for Amalie Johnsen Lunde, H.

Formannskapet drøfta saka.

##### **Kjartan Haugsnes, SV la fram felles forslag til vedtak frå formannskapet:**

1. Kommunestyret ber om at det vert sett i gang sak med sikte på at kommunen ikkje skal eige nausttomtene som omtala i saka.
2. Vaksdal kommune inviterer festarar til informasjonsmøte slik at innhaldet i dei juridiske vurderingane frå Sands og kommunen sitt utgangspunkt vert kjent for alle som vert råka.

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

##### **FPØ - sak 16/2021 Vedtak/Tilråding:**

1. Formannskapet ber om at det vert sett i gang sak med sikte på at kommunen ikkje skal eige



nausttomtene som omtala i saka.

2. Vaksdal kommune inviterer festarar til informasjonsmøte slik at innhaldet i dei juridiske vurderingane frå Sands og kommunen sitt utgangspunkt vert kjent for alle som vert råka.

---

### **24/2021: FLAGGREGLEMENT I VAKSDAL KOMMUNE**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

«Flaggreglement for Vaksdal kommune» vert vedteken slik det ligg føre.

#### **Tilleggsframlegg frå Ap, lagt inn i møteportalen av Heidi Rongved,Ap:**

Nytt punkt i flaggreglementet:  
Vaksdal kommune flaggar 8. mars.

#### **Tilleggsforslag frå Høgre, SV og Sp, lagt inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde, H:**

Det skal flaggast på skulane ved:  
e) Pridedagen  
f) Kvinnedagen (når den er på ein vekedag)  
g) Samefolkets dag (når den er på ein vekedag)

#### **Endringsforslag frå Høgre, SV og Sp, lagt inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde, H:**

Punkt 5: Vaksdal kommune flaggar med regnbogeflagget på Pridedagen. Dato for flagging skal vere ein vekedag andre veka i juni kvart år.

#### **Endringsforslag frå Høgre, SV og Sp, lagt inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde, H:**

Punkt 4: Vaksdal kommune flaggar med Sameflagget på samefolkets dag.

#### **Tilleggsforslag frå Høgre, SV og Sp, lagt inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde, H:**

Det skal flaggast på skulane ved:  
e) Pridedagen  
f) Kvinnedagen  
g) Samefolkets dag



**Tilleggsforslag frå Høgre, SV og Sp, lagt inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde, H:**

Det skal flaggast på skulane ved:

- e) Pridedagen
- f) Kvinnedagen
- g) Samefolkets dag (når det er ein vekedag)

**Tilleggsforslag/ending i tekst frå Ap, lagt inn i møteportalen av Thor Andersen, Ap:**

Punkt 7 i reglement  
Kommunedirektør/Ordfører

**Tilleggsforslag frå Høgre, lagt inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde, H:**

Det skal flaggast på institusjonane ved:

- e) Kvinnedagen

**Endringsforslag frå Høgre, SV og Sp, lagt inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde, H:**

Punkt 5: Vaksdal kommune flaggar med regnbogeflagget på Pridedagen. Dato for flagging skal vere måndag andre veka i juni kvart år.

8. mars er å anse som en offentlig flaggdag i Vaksdal kommune

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

**Behandling:**

På vegne av Arbeidarpartiet la Heidi Rongved, Ap fram følgjande tilleggsforslag:

Vaksdal kommune flaggar 8. mars.

På vegne av Høgre, Sp, SV la Amalie Johnsen Lunde, H fram følgjande tilleggsforslag:

Det skal flaggast på skulane ved:

- e) Pridedagen
- f) Kvinnedagen (når den er på ein vekedag)
- g) Samefolkets dag (når den er på ein vekedag)

Vidare la Amalie Johnsen Lunde, H fram følgjande endringsforslag på vegne av Høgre, SV og Sp:

Punkt 5: Vaksdal kommune flaggar med regnbogeflagget på Pridedagen. Dato for flagging skal vere ein vekedag andre veka i juni kvart år.

Punkt 4: Vaksdal kommune flaggar med Sameflagget på samefolkets dag.



Formannskapet drøfta saka.

Amalie Johnsen Lunde, H la fram endring på tidlegare forslag:

Først:

Det skal flaggast på skulane ved:

- e) Pridedagen
- f) Kvinnedagen
- g) Samefolkets dag

Deretter:

Det skal flaggast på skulane ved:

- e) Pridedagen
- f) Kvinnedagen
- g) Samefolkets dag (når det er ein vekedag)

Thor Andresen, Ap, la fram eit tilleggsforslag, endring i tekst, til punkt 7 i reglementet:

Kommunedirektør/**ordfører**

Amalie Johnsen Lunde, H, la fram eit tilleggsforslag:

Det skal flaggast på institusjonane ved:

- e) Kvinnedagen

På vegne av Høgre, SV og Sp, la Amalie Johnsen Lunde fram følgjande endring på tidlegare framlagd tilleggsforslag:

Punkt 5: Vaksdal kommune flaggar med regnbogeflagget på Pridedagen. Dato for flagging skal vere måndag andre veka i juni kvart år.

**Røysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Arbeidarpartiet sitt framlegg til vedtak om å røyste 8. mars vart samrøystes vedteke.

Endringsforslaget til punkt 4 i reglementet vart samrøystes vedteke

Amalie Johnsen Lunde, Ap sitt siste tilleggsforslag til punkt 3.2, e f og g vart samrøystes vedteke.

Tekstendringsforslag/tilføring frå AP vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslaget som omhandlar flagging på institusjon på kvinnedagen, vart trekt, og det vart lagt fram nytt forslag frå formannskapet:

Kvinnedagen 8. mars er å sjå på som offentleg flaggdag i Vaksdal kommune. Forslaget vart samrøystes vedteke.



## Vaksdal kommune

Tilleggsforslag til punkt 5 vart samrøystes vedteke

### **FPØ - sak 24/2021 Vedtak/Tilråding:**

#### **Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

«Flaggreglement for Vaksdal kommune» vert vedteken slik det ligg føre.

Med følgjande tillegg/endingar:

Vaksdal kommune flaggar 8. mars.

Punkt 4: Vaksdal kommune flaggar med Sameflagget på samefolkets dag.

Punkt 3,2: Det skal flaggast på skulane ved:

e) Pridedagen

f) Kvinnedagen

g) Samefolkets dag (når det er ein vekedag)

Tilføring til punkt 7: **kommunedirektør/ordfører**

Punkt 5: Vaksdal kommune flaggar med regnbogeflagget på Pridedagen. Dato for flagging skal vere måndag andre veka i juni kvart år.

Kvinnedagen 8. mars er å sjå på som offentleg flaggdag i Vaksdal kommune

---

### **25/2021: VURDERING AV BARNEHAGE PÅ BERGO**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Det vert opna barnehage på Bergo frå august 2021. Barn frå Eksingedalen skulekrins får tilbod om plass på Bergo, og barn frå Eidslandet krins får tilbod om plass i Modalen.

#### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

#### **Behandling:**

Formannskapet drøfta saka.

### **FPØ - sak 25/2021 Vedtak/Tilråding:**

Det vert opna barnehage på Bergo frå august 2021. Barn frå Eksingedalen skulekrins får tilbod om plass på Bergo, og barn frå Eidslandet krins får tilbod om plass i Modalen.

---





**26/2021: OVERDRAGING AV BERGSDALEN SKULE TIL BERGSDALEN BYGDELAG - ORIENTERINGSSAK**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek saka til orientering.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 09.03.2021**

**Behandling:**

Boris Groth, Frp stilte spørsmål ved sin habilitet i saka. Formannskapet vedtok samrøystes at Boris Groth er ugild i medhald av fv.l. § 6, 1. ledd b). Ugild når vedkomande er i slekt med part.

Trond Olav Magnussen, H møtte som varamedlem i saka.

Formannskapet drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 26/2021 Vedtak/Tilråding:**

Formannskapet tek saka til orientering.

---



## ORIENTERINGAR

Orientering frå ordførar:

- Korona
  - Forskrift smittevern fagleg drift på byggeplassar
  - Møter med fylkesordførar
  - Møter med statsforvaltar
  - KKL
- K5
  - møte med statsminister Erna Solberg
  - kontaktutvalet
  - Stanghelleseminaret
  - Bergens Næringsråd si undersøking
  - Steindeponi
  - NTP - arbeidsmøte med varaordførar
- Offentleg anskaffing - Transperency international
- Komite for folketalsvekst
- Kyrkjeleg fellesråd - budsjett 2022
- Eigarmøte BKK
- Ope ordførarkontor på Vaksdal
- Interkommunal plan for sjø
- Ordførarkonferanse for SP
- Strategikonferanse KS Vestland
- Kontrollutvalet og kurs i Habilitet
- Synfaring naust og Svena
- Kommunevertar

Orientering frå kommunedirektøren:

- Korona
  - Forskrift smittevern fagleg drift på byggeplassar
  - Varsel om seinskadar
  - Midlar til lokale verksemder i kommunen. Vaksdal får kr 750 000,-
- Møte med innbyggjar som driv eiga næring
- Riving Jamnetunet
- Folketal og strategisk næringsplan
- Kommunalpolitisk toppmøte
- Arbeid med organisasjonskart
- Kommunalsjef for samfunnsutvikling har sagt opp stillinga si frå 15.06.21

Orientering om status økonomi for mars 2021 vert lagt ved innkalling til neste kommunestyremøte då det ikkje var tid til å gå gjennom dette i møtet.

## SPØRSMÅL

Skriftlege spørsmål og svar vart sendt ut til medlemmene i forkant av møtet. Dei vil bli lagt ved innkallinga til neste kommunestyremøte, då det ikkje var tid til å gå gjennom desse i møtet.